



Møteprotokoll

Utval: Arbeidsutvalet
Møtestad: Sirdal Høgfjellshotell, Fidjeland
Dato: 19.11.2013
Tidspunkt: 12.00 – 12.30

Desse AU-medlemmene møtte

Namn	Funksjon	Representerer
Tarald Myrum	LEIAR	Valle kommune
Torkel Myklebust	MEDL	Suldal kommune
Oddmund Ljosland	MEDL	Åseral kommune
Oddlaug Tjomsland	MEDL	Vest-Agder fk.

Varamedlemmer som møtte

Namn	Møtte for	Representerer
Venke Tjørhom	Jonny Liland	Sirdal kommune

Frå administrasjonen møtte

Namn	Stilling
Mikkel Christensen	Områdeforvaltar
Alf Odden	Områdeforvaltar
Tarjei Haugen	Områdeforvaltar

Underskrifter

Vi stadfester underskriftene våre at det som er ført i møteprotokollen, er i samsvar med det som vart vedtatt på møtet.

Tarald Myrum (sign.)

Oddmund Ljosland (sign.)

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
AU 47/13	Godkjenning av saksliste og innkalling	Nei	2003/2670
AU 48/13	Val av eitt AU-medlem til å skrive under protokollen	Nei	2003/2670
AU 49/13	Orienteringssaker	Nei	2003/2670
AU 50/13	Søknad om riving og oppattbygging av uthus i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr 43/1, Hjelmeland kommune, Margrete Alsvik	Nei	2013/4638
AU 51/13	Stavanger turistforening - søknad om støtte til tilretteleggings- og informasjonstiltak på stien til Kjerag, Frafjordheiane landskapsvernområde, Forsand kommune	Nei	2013/5095
AU 52/13	Søknad om dispensasjon til kvistmerking og løypekjøring til Knaberøisa - Knaben leirskole/løypetjeneste, Kvinesdal kommune	Nei	2013/5074
AU 53/13	Søknad om dispensasjon til oppføring av driftsradiomast ved Roskrepp hoveddam - Sira-Kvina, Valle kommune	Nei	2013/5117
AU 54/13	Jæren Friluftsråd - søknad om helikoptertransport til Mån i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr 6/1, 2, Gjesdal kommune	Nei	2013/5093
AU 55/13	Økonomien i SVR. Statusrapport per 1. november 2013	Nei	2013/5115
AU 56/13	Eventuelt	Nei	2003/2670

AU 47/13 Godkjenning av saksliste og innkalling

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.11.2013

Handsaming i møtet

Ingen hadde merknader til sakliste eller møteinnkalling.

Vedtak

Sakliste og møteinnkalling vart godkjende.

Vedtaket var samrøystes.

AU 48/13 Val av eitt AU-medlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.11.2013

Handsaming i møtet

Oddmund Ljosland vart foreslegen.

Vedtak

Oddmund Ljosland vart vald til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtaket var samrøystes.

AU 49/13 Orienteringssaker

Saksprotokoll i Arbeidsutvalget - 19.11.2013

Det var ingen orienteringssaker på dette møtet.

AU 50/13 Søknad om riving og oppattbygging av uthus i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr 43/1, Hjelmeland kommune, Margrete Alsvik

Forvalters innstilling

I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 4 i Forskrift om vern av Vormedalsheia landskapsvernområde og § 48 i Naturmangfaldlova, får Margrete Alsvik, 4120 Tau, løyve til å rive og bygge opp att eit eksisterande uthus ved Ritlandstjørnane i Hjelmeland kommune. Løyvet gjeld og utviding av eksisterande uthus frå 16m² (BYA) til 18m² (BYA)

Løyve blir gjeve med desse vilkåra:

- Det må innhentast løyve frå grunneigar.
- Det må innhentast naudsynt byggeløyve frå Hjelmeland kommune
- Det må søkast om eige løyve for eventuell motorferdsle i samband med transport av byggematerialar
- Nye murar må om mogleg murast av naturstein eller støypte pålar
- Tilbygget må skilja seg minst mogleg frå naturomgjevnadane og eksisterande bygningar med omsyn til utforming og overflatebehandling.
- Byggjearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane.
- Alt avfall frå bygginga må fjernast og handterast etter gjeldande reglar og standardar.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.11.2013

Handsaming i møtet

AU drøfta saka, men hadde ingen merknader.

Vedtak

Som forslaget til vedtak

Vedtaket var samrøystes.

AU 51/13 Stavanger turistforening - søknad om støtte til tilretteleggings- og informasjonstiltak på stien til Kjerag, Frafjordheiane landskapsvernområde, Forsand kommune

Forvalters innstilling

I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 4 i Forskrift om vern av Vormedalsheia landskapsvernområde og § 48 i Naturmangfoldlova, får Margrete Alsvik, 4120 Tau, løyve til å rive og bygge opp att eit eksisterande uthus ved Ritlandstjørnane i Hjelmeland kommune. Løyvet gjeld og utviding av eksisterande uthus frå 16m² (BYA) til 18m² (BYA)

Løyve blir gjeve med desse vilkåra:

- Det må innhentast løyve frå grunneigar.
- Det må innhentast naudsynt byggeløyve frå Hjelmeland kommune
- Det må søkast om eige løyve for eventuell motorferdsle i samband med transport av byggematerialar
- Nye murar må om mogleg murast av naturstein eller støypte pålar
- Tilbygget må skilja seg minst mogleg frå naturomgjevnadane og eksisterande bygningar med omsyn til utforming og overflatebehandling.
- Byggjearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane.
- Alt avfall frå bygginga må fjernast og handterast etter gjeldande reglar og standardar.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.11.2013

Handsaming i møtet

AU drøfta saka, men hadde ingen merknader.

Vedtak

Som forslaget til vedtak

Vedtaket var samrøystes.

AU 52/13 Søknad om dispensasjon til kvistmerking og løypekjøring til Knaberøisa - Knaben leirskole/løypetjeneste, Kvinesdal kommune

Forvalters innstilling

Med medhold i § 48 i lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) får Knaben Leirskole ved Jan Rob løyve til å bruke snøskuter til kvistmerking av skiløype mellom Knabestølen og Knaberøisa i Kvinesdal kommune etter trasé spesifisert i søknad. Løyvet gjelder for utsetting, vedlikehold og innhenting av kvist, totalt inntil tre turer der siste turen må være gjennomført senest 30.4. hvert år.

Med medhold i § 48 i lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) får Knaben Løypetjeneste ved Eilef Netland og Ole Johan Netland løyve til å bruke løypemaskin og snøskuter til oppkjøring av skiløype mellom Knabestølen og Knaberøisa i Kvinesdal kommune etter trasé spesifisert i søknad. Løyvet gjelder et åpent antall turer frem til 30.04. hvert år.

Løyvene er gyldig frem til 30.4. 2015. Dersom løypekjøringen eller bruken av løypa får negative innvirkninger på viltet eller landskapet kan Statens naturoppsyn stenge løypa på kort varsel. Dersom det blir observert villrein langs kjøreruta, skal turen avventes til faren for forstyrrelse ikke lenger er tilstede.

Dersom villreinstammen øker bruken av områdene rundt Knaben vil verneområdestyret ta opp løyvet til ny vurdering.

En kort rapport om gjennomføring av motorferdselsaktiviteten skal leveres til forvaltningssekretariatet innen 1. juni.

Andre vilkår fremgår av standard løyve.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalget - 19.11.2013

Handsaming i møtet

Oddmund Ljosland foreslo dette tillegget til vedtaket:

«AU minner om at det må utarbeidast løypeplan for området.»

Vedtak

Med medhold i § 48 i lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) får Knaben Leirskole ved Jan Rob løyve til å bruke snøskuter til kvistmerking av skiløype mellom Knabestølen og Knaberøisa i Kvinesdal kommune etter trasé spesifisert i søknad. Løyvet gjelder for utsetting, vedlikehold og innhenting av kvist, totalt inntil tre turer der siste turen må være gjennomført senest 30.4. hvert år.

Med medhold i § 48 i lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) får Knaben Løypetjeneste ved Eilef Netland og Ole Johan Netland løyve til å bruke løypemaskin og snøskuter til oppkjøring av skiløype mellom Knabestølen og Knaberøisa i Kvinesdal kommune etter trasé spesifisert i søknad. Løyvet gjelder et åpent antall turer frem til 30.04. hvert år.

Løyvene er gyldig frem til 30.4. 2015. Dersom løypekjøringen eller bruken av løypa får negative innvirkninger på viltet eller landskapet kan Statens naturoppsyn stenge løypa på kort varsel. Dersom det blir observert villrein langs kjøreruta, skal turen avventes til faren for forstyrrelse ikke lenger er tilstede.

Dersom villreinstammen øker bruken av områdene rundt Knaben vil verneområdestyret ta opp løyvet til ny vurdering.

En kort rapport om gjennomføring av motorferdselsaktiviteten skal leveres til forvaltningssekretariatet innen 1. juni.

Andre vilkår fremgår av standard løyve.

AU minner om at det må utarbeidast løypeplan for området.

Vedtaket var samrøystes

AU 53/13 Søknad om dispensasjon til oppføring av driftsradiomast ved Roskrepp hoveddam - Sira-Kvina, Valle kommune

Forvalters innstilling

Med medhold i § 48 i lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) får Sira-Kvina dispensasjon fra verneforskriftens kapittel IV punkt 1.1 til oppføring av planlagt radiomast ved båthuset i østenden av Roskrepp hoveddam.

Dispensasjonen er gitt med følgende vilkår:

- Radiomasten skal ikke være mer enn 15 meter høy, og skal ha en overflatebehandling som skiller seg minst mulig fra landskapet.
- Byggearbeidet skal gjennomføres så skånsomt som mulig.
- Byggearbeidet skal ferdigstilles, og alt avfall etter tiltaket skal være fjernet etter gjeldende regler og standarder, innen 1.11.2015.
- Annen nødvendig motorferdsel enn transport langs åpen vei skal søkes om separat.
- Både Telenor og Netcom skal tilbys å koble på egne sendere på masten for å gi privat mobildekning i området rundt Roskrepp og Håheller.
- Eventuelt nødvendig påbygg til båthuset for å gjøre plass til eksterne teleoperatørers senderutstyr skal behandles etter egen søknad.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.11.2013

Handsaming i møtet

AU drøfta saka, men hadde ingen merknader.

Vedtak

Som forslaget til vedtak

Vedtaket var samrøystes.

AU 54/13 Jæren Friluftsråd - søknad om helikoptertransport til Mån i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr 6/1, 2, Gjesdal kommune

Forvalters innstilling

I medhald av §2, §3, punkt 5.1 og §3, punkt 5.3a i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde får Jæren Friluftsråd løyve til å bruke helikopter til transport av ved, gass, sengeklede, maling og anna vedlikehaldsutstyr til og frå Friluftsgården på Mån gnr/bnr 6/1, 2 i Gjesdal kommune.

Transportane skal gå mellom Eikeskog og Mån, og det skal nyttast flygerutar og landingspunkt som søkjaren sjølv har teikna inn på kart.

Løyvet gjeld for inntil 10 transportar kvart år i perioden 2014-2017. Transportane kan gjennomførast i løpet av tidsromma 15 januar – 28 februar og 15 mai – 30 juni. I tidsrommet 1 mars – 14 mai må det ikkje gjennomførast helikoptertransportar av omsyn til hekkande kongeørn i område.

For å unngå konflikstar med fotturistar på veg til og frå Friluftsgården på Mån og Månafossen, bør ein så langt det er mogleg unngå at transportane gjennomførast i store utfartshelger.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.11.2013

Handsaming i møtet

AU drøfta saka, men hadde ingen merknader.

Vedtak

Som forslaget til vedtak

Vedtaket var samrøystes.

AU 55/13 Økonomien i SVR. Statusrapport per 1. november 2013

Forslag til vedtak

Styret tar orienteringa til etterretning.

Styret ber om at ein i budsjettsøknaden for 2014 prioriter ressursar til utarbeiding plan for informasjon og tilrettelegging i innfallsportane til SVR og kartlegging av botaniske verneverdiar i Ryfylke i tråd med det som kjem fram i saksutgreiinga.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 19.11.2013

Handsaming i møtet

Det vart påpeika at forslaget til vedtak var formulert som eit styrevedtak. Dette må endrast slik at det går tydeleg fram at vedtaket er gjort i AU.

Etter diskusjonar i møtet samla AU seg om dette tillegget:

«AU viser til gjennomgangen av forbruket i 2013 og ber om at det vert omdisponert inntil 200 000 kr til informasjonstiltak i SVR. Arbeidet må starte opp i 2013, men kan avsluttast i 2014.

AU ber og om at det vert sett av inntil 50 000 kr til synfaring for verneområdestyret i sentrale delar av SVR. Synfaringa skal planleggast i 2013, men må utsettast til neste år.»

Vedtak

AU tar orienteringa til etterretning.

AU ber om at ein i budsjettsøknaden for 2014 prioriter ressursar til utarbeiding plan for informasjon og tilrettelegging i innfallsportane til SVR og kartlegging av botaniske verneverdiar i Ryfylke i tråd med det som kjem fram i saksutgreiinga.

AU viser til gjennomgangen av forbruket i 2013 og ber om at det vert omdisponert inntil 200 000 kr til informasjonstiltak i SVR. Arbeidet må starte opp i 2013, men kan avsluttast i 2014.

AU ber og om at det vert sett av inntil 50 000 kr til synfaring for verneområdestyret i sentrale delar av SVR. Synfaringa skal planleggast i 2013, men må utsettast til neste år.

Vedtaket var samrøystes.

AU 56/13 Eventuelt

Saksprotokoll i Arbeidsutvalget - 19.11.2013

Desse sakene vart tatt opp under eventuelt:

- Fylkeskommunane har i e-post til sekretariatet spurt om det er interesse for ei orientering om arbeidet med tiltaksdelen i Heieplanen på eitt av styremøta i 2014. AU meiner det er ein god idé.
- Administrasjonen blei beden om å utarbeide eit notat om forholdet mellom landskapsvernområde og nasjonalparkar.
- Neste AU – møte vart avtalt til 28. november kl. 10. Dette blir eit telefonmøte for å handsame nokre få innkomne søknader som hastar.